

BILETBØKER FOR STORE OG SMÅ

er temaet for dette nummeret av Nynorskopplæring.

BILETBOKA SNORRE SEL kan nyttast som kjelde i historiefaget i den vidaregåande skulen. **S. 4**

SUND UNGDOMSSKULE har arbeidd med tolking og produksjon av biletbøker. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 8 | VÅREN 2010 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Med strek og fargar

DET ER NOK BARNEBØKER med store illustrasjonar ein først tenkjer på når ein høyrer ordet biletbøker, men bøker med mange bilete kan vere både skjønnlitteratur og faglitteratur, og målgruppa kan vere både barn, ungdom og vaksne. Dei fleste biletbøker er laga for høgtlesing, slik at barnet kan sitje på fanget og sjå på bileta og høyre og sjå teksta. På den måten får barnet og den vaksne ei felles leseoppleving som også gjev grunnlag for samtalar. Det er eit samspel mellom teksta og bileta dei vert presenterte for i biletbøkene, og bøkene har ofte ein dobbel adressat, som gjer at både barn og vaksne får sitt utbytte av boka. Eit samleomgrep for dei to modalitetane verbaltekst og bilete er ikonotekst. Ikonoteksta er ein syntese av bileta ein ser, og verbalteksta ein les eller høyrer. I dei skjønnlitterære bilet-

bøkene fortel tekst og bilete saman den narrative historia.

Når det gjeld faglege biletbøker for barn, er det dei naturfaglege emna som er dominerande. Det finst ei mengd peikebøker for barn om dyr, fuglar, blomstrar og så vidare. Desse biletbøkene er gjerne dei aller første bøkene for barna, og skal stimulere til omgrepslæringa.

Biletbøkene ser ut til å ha veksande popularitet i alle aldersgrupper, og nokre bokkunstnarar arbeider særleg med biletbøker for ungdom. Biletromanar er ein sjanger med veksande popularitet for unge og vaksne. Biletbokskaparar som til dømes Kari Stai, Hans Sande/Gry Moursund og Sissel Horndal gjer at norsk biletbokkunst i dag opplever ei blomstringstid.

Anne Steinsvik Nordal, leiar



NYNORSKOPPLÆRING NR. 8, FJERDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Bello, Dolly og Liza
SPRÅKVASK: Aud Søyland
PRENTEVERK: EgsetViketrykk AS
FRAMSIDE: Gard Helset
BAKSIDE: Øystein Runde
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



I desse dagar står *Tekstbasen* fram i revidert utgåve. Kvar sjanger har fått nye, fargeglade ikon som skal gjere det enklare å manøvrere seg rundt på nettstaden. Gode tilbakemeldingar frå lærarar og elevar er hovudgrunnen til endringane.

Tekstbasen – oppdatert

TEKST: **Hjalmar Eiksund** BILETE: **Reklame frå Tekstbasen**



www.nynorsksenteret.no/tekstbasen

ØNSKER DU SOM NORSKLÆRAR å sjå korleis ein reportasje eller eit intervju kan fortone seg i nynorsk språkdrakt? Eller vil du sjå døme på gode nynorske reklametekstar? Tekstbasen har sidan hausten 2007 presentert nynorske sakprosa-tekstar til bruk i grunnskulen og i vidaregåande skule. Nettstaden er ei samling medietekstar der lærarar og elevar har gratis tilgang til autentiske nynorsktekstar frå aviser, blad og nettstader. Tekstane er sorterte i sjangerkategoriar og etter aldersgrupper.

I ei tid der dei fleste riksavisene har bokmål som redaksjonsspråk, kan det vere ei utfordring å finne dei gode døma på nynorsk sakprosa. Det finst derimot mange nynorske skribentar som

kvar dag ytrar seg i store og små publikasjonar. Gjennom Tekstbasen har Nynorsksenteret i samarbeid med aviser, tidsskrift og nettstader gjeve deg som norsklærer enkel tilgang til nokre av desse sakprosa-tekstane. Dei fleste tekstane er lagra i PDF-format, noko som gjer det enkelt å skrive dei ut og trykke dei opp til bruk i klasserommet.

EKSEMPELTEKSTAR • Gode eksempeltekstar på dei ulike teksttypene er ein føresetnad for å kunne formulere seg godt. Her finn du ordskeif-innlegg, leiarar og kronikkar som er skrivne på nynorsk. Du finn òg samansette tekstar, som til dømes nynorske reklamar og bloggar.

Innhold

Med strek og fargar av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Tekstbasen – oppdatert av Hjalmar Eiksund	S. 3
Snorre sel – biletbøker som historisk kjelde av Odd Goksøyr	S. 4
Jakob og Neikob av Gunnar Strøm	S. 6
Biletbok på ungdomstrinnet av Marit Wadsten	S. 8
Som fisken i vatnet av Janne Karin Støylene	S. 10
Lagar biletbok for vaksne innvandrarar av Arild Torvund Olsen	S. 13
Vesidets tips: Rekvisittar for eit liv av Hjalmar Eiksund	S. 14
Boktips: Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar av Janne Karin Støylene	S. 14

Har du tips til stoff til bladet?
Send det på e-post til ato@hivolda.no.

To av kompetansemåla i historie i vidaregåande skule handlar om å finne og vurdere historisk materiale og vurdere det som kjelder, og å presentere ein historisk person og drøfte korleis samtidige samfunnsrammer påverka handlingane til denne personen. Denne artikkelen presenterer tre norske biletbøker som kan brukast i arbeidet med desse måla.

Snorre sel – biletbøker som historisk kjelde

TEKST: **Odd Goksøyr** BILETE: **Frithjof Sælen** (frå boka *Snorre sel*)

I APRILDAGANE 1940 tok den då 22 år gamle Frithjof Sælen del i kampane i Hallingdal. Frå 1941 var han motstandsmann og medlem i Mil-
org, til han måtte rømme landet i 1944, hjelpt ut av Shetlands-Larsen. I 1947 gav han ut historia om den same Leif A. Larsen, *Shetlands-Larsen*, som vart ein bestseljar.

GØYMDE REFERANSAR TIL VERDSKRIGEN • I 1941 kom biletboka *Snorre sel – ein fabel i fargar for vaksne og barn*. I det ytre er det ei forteljing om det spanande livet til ein selunge i eit Nordis-hav fullt av farar. Boka vart raskt så populær at sensurmyndigheitene gjekk til ei nærlesing og oppdaga dei mange meir eller mindre gøymde referansane til krig og okkupasjon: eit isflak forma som Noregs-kartet, spekkhoggaren Glefs er det glupske Tyskland, kvalrossen onkel Bart er Storbritannia, to innfule måsar har hint til NS-merket (ein raud flekk over auget). Og den som leitar, kan finne merket til kong Haakon VII i eitt av bileta. Dei som er interesserte i mentalitets-historie, kan truleg også finne glede i Sælen si framstilling av to leie uvanar Snorre (Noreg) har: Han drøymer seg heile tida bort, og speglar seg forfengeleg i isen ...



FORBODEN • *Snorre sel* vart forboden etter ein månad, men det heldt ikkje Sælen frå å prøve seg på nytt. I 1942 kom boka *Tre kalde karar* ut. Her symboliserer tre usympatiske snømenn akse-maktene, og sola dei allierte. Denne gongen var den politiske satiren dempa ned så mykje at boka ikkje vart forboden, men forfattaren vart inn-kalla til forhør hos Gestapo. Han slapp ut med eit sterkt råd på vegen om ikkje å skrive fleire slike bøker.

*Biletbøkene til Frithjof Sælen kan lesast som originale kjelder til ein spesiell del av motstandskampen i Noreg under andre verds-
krig.*

EIN MODIG MAUR • Dei to krigsbøkene er opp-havleg skrivne på bokmål, men ligg i dag føre på nynorsk også. Den tredje biletboka til Sælen med referansar til samtida, *Ein modig maur*, vann andrepremie i ein barnebokkonkurranse lyst ut av Kyrkje- og undervisningsdepartementet og kom ut i parallelle utgåver på nynorsk og bok-mål. Boka handlar om ein «liten maur som heitte Pelle. Han hadde berre to føter, og det var han svært lei seg for». Det hindrar likevel ikkje at det er Pelle som får avsett den herskesjuke råd-gjevaren til maurdronninga og får innført nye og enklare arbeidsmåtar. Boka kan lesast som ei åtvaring mot totalitære styreformar, og det er vel derfor ikkje heilt tilfeldig at boka kom i 1948, same året som George Orwell skreiv ferdig den klassiske romanen over det same temaet, 1984.

Søkelyset på bøkene til Sælen som kjelder til historie om sivil motstand og politisk satire i biletbokform må ikkje få skugge for dei kvali-



Ein av dei mange gøymde referansane i boka *Snorre sel*: Snorre leikar seg på eit isflak forma som Noregs-kartet.

Tre teikneseriar om nærskylde tema

ART SPIEGELMAN – MAUS

Historia til ein overlevande polsk jøde, fortald gjennom son hans. Norsk utgåve 2009 (nynorsk).

WILL EISNER – THE PLOT

Historia bak og rundt *Protokollane til Sions vise*. Det siste arbeidet til den klassiske amerikanske serieskaparen kom ut i 2005 (engelsk).

MARJANE SATRAPI – PERSEPOLIS

Ein sjølvbiografi om det å vekse opp i revolusjonens Iran. Norsk utgåve 2005 (bokmål). Ligg også føre som teiknefilm.

tetane bøkene har i seg sjølv. Illustrasjonane er vakre og velteikna med tidvis poetisk lys- og fargebruk og på høg og i slekt med andre skildringar i samtida, til dømes det teikna universet til Disney. Bøkene har derfor ikkje verdi berre som historiske kjelder, men kan trygt lesast som det dei også er: gode forteljingar for barn.

ORIGINALE KJELDER • I forhold til historiefaget er biletøkene til Frithjof Sælen spesielle fordi dei kan lesast som originale kjelder til ein spesiell del av motstandskampen i Noreg under andre verdenskrig. Slik sett er både bøkene og forfattaren sjølv vel verde eit studium. Ein kan gå på jakt etter dei politiske symbola i bøkene og samanlikne

med andre kjelder i samtida, til dømes propagandaplakatane som florerte, og ein kan gå på jakt etter liknande døme frå totalitære regime historisk og i dag.

Bøkene vart sist gitt ut av Pax Forlag i 2005 i parallelle utgåver på nynorsk og bokmål.

Biletboka *Jakob og Neikob* av Kari Stai vart gitt ut på Samlaget i 2008. No er ein fem minutts animert kortfilm som er basert på Stais bok, ferdig som del av Høyr og sjå!-prosjektet. Animatøren Martine Grande har ansvaret for både animasjon og regi.

Jakob og Neikob

TEKST: **Gunnar Strøm** BILETE: **Martine Grande** (frå filmen *Jakob og Neikob*)




SAMANHENGEN MELLOM BILETBØKER og animasjonsfilm er sterk i barnekulturen. I Norden har vi ein lang tradisjon for å lage animasjonsfilmar som er baserte på etablerte biletbøker. Svenske *Albert Åberg* og finske *Jason* er to klassiske eksempel. I Noreg har Kine Aune laga animasjonsfilm av fleire av Fam Ekmans biletbøker. Anita Killi har gjort stor suksess med utsøkte cut-out-animasjonar som er baserte på biletbok-førelegg, no sist med si tolking av Gro Dahles *Sinna Mann* (2009). Ja, det var den filmen som gjorde at Kongen måtte gråte ... Internasjonalt er koplinga mellom veletablert barnelitteratur og animasjonsfilm ein raud tråd hos Walt Disney Productions. Og kven kan vel gløyme dei flotte teiknefilmversjonane på NRK av Janosch sine biletbøker om den vesle tigreren og den vesle bjørnen, der Hildegund Riise har forteljarstemma?

TETT OPP TIL BOKA • Martine Grandes film står godt på eigne bein som sjølvstendig kortfilm for barn. Både design og handling ligg svært tett opp til Stai si bok, nærare bestemt den halvdelen av boka som er med i *Les for meg!* Forteljarstemma er ei ganske nøyaktig gjenforteljing av teksten i boka. Grande fortel om eit godt samarbeid med forfattaren og ein smertefri prosess.

– Historia og karakterane er som skapte for animasjonsfilm. Forfattaren av boka, Kari Stai, har vore fantastisk å samarbeide med, og det heile har vore utruleg gøy! Eg har kosa meg masse! fortel Grande.

Likevel er filmen *Jakob og Neikob* noko anna enn boka. Det gjeld særleg korleis karakterane beveger seg, og den presise «timinga» Grande har nytta når ho har fortalt Stais historie som film. Og det gjeld bruken av lyd og musikk. Filmen som boka har eit minimalistisk uttrykk, men det kjem enda tydelegare fram i filmen. Grande har utnytta bruken av dei sentrale svarorda Ja og Nei



Sjå filmen på vevsida www.nynorsksenteret.no/lesformeg/

med både repeterande, strukturerande og humoristisk effekt. Kontrasten mellom Jakobs positive glede over å seie «Ja!» og Neikob sitt sure «Nei!» kjem flott fram. Dei rolege kamerabevegelsane er fint med og styrer tilskodarane sine blikk, til dømes oppover det høge huset Jakob må byggje. Og Trygve Nielsens enkle og repeterande musikk støttar godt opp under forteljinga. Det same gjer Nina Elisabeth Bøe, som les Kari Stai sin tekst med innleving. Påverka av Hildegund Riise og Janosch?

Filmen er støtta av Noregs forskingsråd og Nynorsksenteret. Han blir no lagd ut på heimesida til Nynorsksenteret, der fleire andre animasjonar og ulike småtekstar med tilknytning til Hør og sjå!-prosjektet og antologien *Les for meg!* er samla. Vi håpar no at filmen vil bli brukt i barnehagar og klasserom som språkstimulering, slik Hør og sjå!-prosjektet legg opp til.

Gunnar Strøm

Gunnar Strøm er filmhistorikar og førsteamanuensis i film og fjernsyn ved Høgskulen i Volda med animasjonsfilm som spesialområde. Han er prosjektleiar for *Hør og sjå!*

Les for meg! og Hør og sjå!

I 2008 gav Samlaget ut antologien *Les for meg!* i samarbeid med Nynorsk-senteret. Eit utdrag frå *Jakob og Neikob* er med i antologien. Hausten 2008 starta også prosjektet *Hør og sjå!* om audiovisuell språkstimulering i småskule og barnehage som eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Høydal fjernsynsproduksjon.

Kan biletboka nyttast på ungdomstrinnet? Dette spørsmålet stilte Anne Hufthammer seg for ei tid sidan. Ho er trinnleiar på 9. trinn ved Sund ungdomsskule i Hordaland. Saman med bibliotekar Lisbeth Milsted og norsklærer Kristin Midttveit har ho arbeidd med eit prosjekt i tre niandeklassar, der ho har prøvd ut eit undervisningsopplegg med utgangspunkt i biletbøker.

Biletbok på ungdomstrinnet

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Anne Hufthammer**

ELEVANE HAR FÅTT INNFØRING i biletbokteori der dei er blitt kjende med dei ulike omgrepa. Til hjelp her har læraren brukt *Inn i teksten* – ut i livet, som er ei ressursbok for arbeid med litterære tekstar i skulen. Både estetiske verkemiddel som fargebruk, kontrastar og linjeføring og samspillet mellom bilete og tekst, symbolbruk, bruk av metaforar og andre språklege verkemiddel har vore drøfta i klassane.

God inspirasjon for prosjektet var også bibliotekaren sin presentasjon av biletbøker, katalogiserte etter tema. *Himmelspringaren* av Sissel Horndal, *Arkimedes-bøkene* av Hans Sande, *Snill* og *Sinna mann* av Gro Dahle og Svein Nyhus er eksempel på bøker som har vore brukte i undervisninga.

TOLKING • *Sinna mann* og *Når to er sinte på hverandre* vart gjennomgått og lesne på PowerPoint og via Deichmanske bibliotek sine sider, og i tillegg vart andre biletbøker lesne både høgt og stille i klassen. Elevane var med og tolka bileta og teksten, såg på kva verkemiddel som er nytta, og korleis tekstforfattaren og illustratoren kan ha samarbeidd om å leggje spor i teksten eller i bileta.



BILETBOKPRODUKSJON • Elevane gjekk deretter i gang med å lage sine egne biletbøker. Dei har vore delte inn i grupper på tre til fire elevar, og dei har stått ganske fritt i utforminga. Bilete og

tekst skal henge saman, og elevane måtte derfor arbeide godt med begge delar. Somme grupper har valt å teikne bileta for hand, andre har gjort alt digitalt. Somme har henta bakgrunnsbilete


Elevane var sjølv med på å utarbeide vurderingskriterium for den framføringa dei skulle gjere til slutt.

på nettet som dei har teikna og limt egne ting på. Gruppene presenterte så dei ferdige produkta sine for læraren og resten av klassen.

VURDERING • Før dei starta på arbeidet, fekk elevane utdelt vurderingskriterium for biletboka. Elevane var sjølv med på å utarbeide vurderingskriterium for den framføringa dei skulle gjere til slutt. Dette vart lagt ut på læringsplattforma It's Learning. Elevane har fått ei skriftleg vurdering frå læraren på framføringa og gruppeprosessen. Dei har også fått tre karakterar på biletprosjektet;

ein felles karakter på gruppeframføringa, ein felles karakter på biletboka og ein individuell karakter på prosess og framføring. Lærarane Kristin og Anne og bibliotekar Lisbeth samarbeidde om å vurdere biletbøkene, og gjekk grundig gjennom kvar enkelt bok i heil klasse. Elevane laga dessutan ei eigenvurdering etter prosjektet.

Lærar Anne Hufthammer seier at dei har brukt mykje tid på dette prosjektet ved Sund ungdomsskule, men at hennar inntrykk er at dei har vore veldig lystbetont for elevane, og at dei er svært stolte av produkta sine.



Kompetansemål i norsk etter 10. trinn, som ligg til grunn for arbeidet

- «tolke og vurdere ulike former for sammensatte tekster»
- «uttrykke seg presist og med et variert og nyansert ordforråd i ulike typer tekster på bokmål og nynorsk»
- «gjenkjenne de språklige virkemidlene humor, ironi, kontraster og sammenligninger, symboler og språklige bilder og bruke dem i egne tekster»

Litteratur

- Bringsværd, Tor Åge, og Tina Soli (2004):
Når to er sinte på hverandre. Gyldendal.
- Dahle, Gro, og Svein Nyhus (2003):
Sinna mann. Cappelen Damm.
- Dahle, Gro, og Svein Nyhus (2002):
Snill. Cappelen Damm.
- Horndal, Sissel (2008):
Himmelspringaren. Mangschou.
- Lillesvangstu, Marianne, Elise Seip Tønnessen og Hanne Dahll-Larssøn (red.) (2007):
Inn i teksten – ut i livet. Fagbokforlaget.
- Sande, Hans (2000):
Arkimedes og brødiskiva.
Illustrert av Gry Moursund. Gyldendal.
- Sande, Hans (2002):
Arkimedes og rulletrappa.
Illustrert av Gry Moursund. Gyldendal.
- Sande, Hans (2006):
Arkimedes i Prompeland.
Illustrert av Gry Moursund. Gyldendal.

Elevane nytta fleire ulike teknikkar då dei laga biletbøkene. Bileta på desse to sidene syner nokre døme på resultata.

– Viss teksten er ein fisk, er illustrasjonen vatnet. Er teksten ein tusenlapp, er illustrasjonen alle planane du har for å bruke han. Kanskje teksten er nokon du er glad i. Då er illustrasjonen at han smiler til deg for første gong. Var det tydeleg forklart? spør Inger Lise Belsvik.

Som fisken i vatnet

TEKST: **Janne Karin Støylen** BILETE: **Inger Lise Belsvik** (frå boka *Eg sette brillene på min katt*)

INGER LISE BELSVIK har gjort det til eit speciale å illustrere dikt for barn. Nye dikt og gamle dikt. Nesten alle på nynorsk. – Ja, slik har det blitt, ler ho. – No skal eg faktisk illustrere nokre dikt på bokmål til ei ny bok. Det blir nesten litt rart!

MØTE • Sidan debuten med *Natt i nytt hus* i 1995 har Belsvik illustrert eit trettittals bøker. Ti av dei er diktsamlingar for born.

– Mange av tankane mine er bilete, der mykje er visuelt og intuitivt, fortel ho. – Det visuelle kjem først for lesaren også. Alle ser før dei les. Særleg barn. Vi kan snakke om møte. Først møter biletet auget. Så møter teksten øyret. Det skjer når ein vaksen les for barnet. Difor er det også eit møte mellom liten og stor. Mamma, femåringen og ei veslesyster som har sovna, til dømes. Det er denne situasjonen eg teiknar for. Det eg teiknar, er det første femåringen ser. Det må fungere med ein gong! Deretter skal det hjelpe diktet fram. Så skal det vere noko å dvele ved. Møtet skaper alltid kjensler. Kjenslene skal vere gode, då må ein forstå det som skjer og kjenne seg trygg. Med andre ord: Det er viktig for meg å teikne slik at eg blir forstått.

– Eg ønskjer at illustrasjonen skal få lesaren til å fantasere, kanskje til og med inspirere til å dikte eit framhald.

Å SKAPE ROM • Inger Lise Belsvik legg vekt på at ho som illustratør leitar etter rommet mellom tolking og meddikting. – Eg vil gje diktet noko å sprette mot, slår ho fast. – Eg tenkjer at det å illustrere er å lage eit rom rundt diktet som får meininga til å vare. Akkurat så stort rom som diktet har kraft til. Av og til formar eg illustrasjonane som gåter. Eller eg prøver å få dei til å skape gjenkjenning. Eg ønskjer at illustrasjonen skal få lesaren til å fantasere, kanskje til og med inspirere til å dikte eit framhald. Kor som er – eg vil seie at det kjennest godt å leggje håp inn i illustrasjonane. Det er alltid ein av intensjonane mine når eg lager bilete, seier ho.

Eit døme på korleis ho arbeider, finn vi i samlinga *Eg sette brillene på min katt*. Tarjei Vesaas-diktet «Fiske på isen» er slik:

Fiske på isen er kaldt
og lite fisk er å få.
Fisken svinsar i djupet
og vil ikkje bite på.


Her har Inger Lise Belsvik likevel valt å leggje inn ein liten pinne, så litt fisk har guten fått. I tillegg ser han ei fin jente.

– Jenta svinsar òg, men over isen, kommenterer Belsvik. – Kan hende er det meir von i ho enn i dei hersens lure fiskane? tenkjer guten. Har eg bestemt. Det står ingenting om ei jente på kunstløpskøyter i diktet. Men slik kan eg velje å dikte vidare med bileta mine. Så vonar eg at den som les og ser, er med på det, og vil vere litt lenger på boksida og dikte med. På denne måten kan me få ei endå finare stund, både lesaren og eg, med denne boka. I alle fall har eg det som fisken i vatnet, når eg sit der med eit fint dikt som inviterer til å fantasere vidare, og kan få lage bilete som skal hjelpe diktet fram til den femåringen på fanget. Vona er å få han med på å svinse rundt i vatnet med meg, og dikte vidare, avsluttar ho.

Vidare lesing

Nina Goga og Ingeborg Mjør (red.): *Møte mellom ord og bilde – ein antologi om bildebøker*, Cappelen akademisk forlag 2001





WWW.NYNORSKSENTERET.NO/LESFORMEG/

Vevsida *Les for meg!* er ei ressurside om nynorske tekstar for dei minste. På barnesidene kan borna sjå animasjonsfilmar, høyre høyrespel, leike med bokstavar og mykje meir. På vaksensidene finn du boktips, tips til formidling og språkstimulering og ymse anna.

Forfattaren Erna Osland og illustratøren Akin Düzakin samarbeider no om eit spanande biletbokprosjekt: ei lettlesen nynorsk biletbok laga for vaksne innvandrarakar. Tema for boka er kjærleik og språk. Og sild.


Lagar biletbok for vaksne innvandrarakar

TEKST: **Arild Torvund Olsen** BILETE: **Akin Düzakin** (frå boka)

– **DET ER SPANANDE** å leita seg fram til nye lesarakar, seier Osland om arbeidet med boka. – Det handlar om å møte andre gjennom språket. Boka fortel om ein fiskar som får flaskepost på eit språk han ikkje skjønar. Men sjølv om ho er skriven for vaksne lesarakar, er boka laga slik at eit barn skal kunna ha glede av å lesa boka saman med den vaksne. Nye foreldre kjem til landet og skal lære seg å lesa norsk. Då kan det å lesa høgt for born vera med på å setja dei sjølv i gang med lesinga, utdjupar Osland.

Det at det er ei lettlesen biletbok for vaksne lesarakar, gjer at Osland trur boka òg kan nyttast i sidemålsundervisninga. – Eg hadde i alle fall hatt stor nytte av ei slik bok då eg underviste i nynorsk som sidemål, fortel ho. Boka, som er skriven med stønad frå Leser søker bok, kjem ut til hausten.

*Boka fortel om
ein fiskar som
får flaskepost
på eit språk
han ikkje
skjønar.*



VEVSIDETIPS

PRESENTERT AV **Hjalmar Siksund**

Rekvisittar for eit liv: www.spel.aasentunet.no/rekvisittar/

«Ein tanke slo meg da eg [...] såg bilete av lua hans Ivar Aasen, raud som ein trøndersk låvevegg: Akryl? Hundre prosent akryl? Det skulle tatt seg ut. Akryl-Aasen på tokt for eit Noreg i språkleg forståing med seg sjølv ...»

Slik opnar Klaus Sonstad teksten han har skrive for nettutstillinga «Rekvisittar for eit liv». Han og nitten andre norske forfattarar har teke utfordringa om å skrive om kvar sin gjenstand – eller rekvisitt – frå det som er att etter Ivar Aasen. Klaus Sonstad fekk i oppgåve å skrive om den raude topplua.

255 gjenstandar! I tillegg til 2500 bøker åtte Ivar Aasen berre 255 gjenstandar då han gjekk bort i 1896. Det inkluderer pennan hans, hostedropane, hatten og pipa. Til og med det skitne og sprukne drammeglaset er med i teljinga. I tillegg til dei litterære tekstane inneheld nettutstillinga bilete av dei tjue utvalde rekvisittane, kulturhistoriske tekstar om kvar gjenstand – kvifor var det vanleg med raude toppluer i Noreg på 1800-talet? – og Ivar Aasens eigne tekstar om dei ulike tinga.

Nettutstillinga høver til alle interesserte og gir eit uvant og kanskje avslørande innblikk i livet og samtida til språkmannen og forfattere Ivar Aasen. I tillegg til bileta og tekstane har Ivar Aasen-tunet opparbeidd oppgåver knytte til kvar einskild rekvisitt for bruk i vidaregåande skule.

Og korleis gjekk det med Klaus Sonstad og akryl-lua? Dei hamna på sydentur. Men slutten må du inn på nettstaden «Rekvisittar for eit liv» for å finne.



BOKTIPS

PRESENTERT AV **Janne Karin Støylen**

Ole Røsholdt: *Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar*

ILLUSTRASJONAR: TROND BREDESEN

ÅRET ER 995. Arne er 13 år og yngstebror på ein odelsgard i Sogn. Det er vikingtid. Øks og kniv sit laust. Hemn og ære er viktige drivkrefter. På 900-talet var lovene enno ikkje nedskrivne. Tingmennene måtte ha lova i minnet og seie henne fram. Denne sommaren får Arne følgje far sin til Gulatinget.

Historia er skriven slik at situasjonane illustrerer lovtekstar som kjem til slutt i kvart kapittel.

tel. Venskapen mellom Arne og trælen Hallstein er eit sentralt motiv. Trælen lyt ta skulda for eit tjuveri, og lova seier kva straffa skal vere: «Stel ein træl som er fødd her i landet, då skal ein slå hovudet av han. I fall ein utanlandsk træl stel, eller søner av utanlandske træljar, då skal ein slå huda av han, eller herren hans skal piska han før det er gått fem dagar.» Gulatingslova 259.

Gulatingslova vart grunnlaget for landslova. Magnus Lagabøte fekk tilnamnet sitt fordi han «bøtte» på lovene. I 1274 fekk han ferdig ei lovbok

som galdt for heile landet. Den byggjer særleg på lovene frå Gulatinget. I ein faktadel bakarst i boka finn ein heile 17 sider med spennande fagstoff som dette.

Boka er altså ei fagbok om Gulatinget på same tid som ho gjev lesaren ei fengjande fortelling full av forelsking, overfall, drap, avstraffing, tingferd, vitning og kongeval. På heimesidene til forlaget, www.mangschou.no, kan du laste ned ei lærarrettlegging med bakgrunnsstoff, framlegg til arbeidsoppgåver og læreplanmål.




www.nynorsk-senteret.no

Undervisningsopplegg, boktips, tekstsamlingar og mykje anna ...

B

NOREG



P.P.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Nynorskopplæring er gratis, og kjem med tre nummer i året.
Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.
Hugs å sende med namnet og adressa di!